

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2024 56. årg.

## Jæren er natur for viderekomne

side 12

«Me fekk det høgt og fritt,  
me fekk det vent og vidt..»

Tekst: Arne Garborg



Kvardagsmøte

side 7



drop-in-dåp

side 10



Jæren frå brunt til grønt  
til svart

side 16



Barnekoret

side 24

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne  
 Inngang frå Saronsbrotet  
 heimeside: [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no)  
 post@timekyrkjene.no  
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340  
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222  
 Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919  
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77  
 Assisterande kyrkjevevjerje:  
 Siri Vik tlf. 906 43 758  
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

## Time

Heimeside: [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874  
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
 Kyrkjelydsdagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872  
 Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422  
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974  
 Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276  
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198  
 Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf. 482 79 806  
 Kyrkjetenar ved gravferd:  
 Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

## Lye forsamlingshus

Heimeside: [www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)

## Bryne

Heimeside: [www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)  
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
 Kyrkjelydsdagog: Tone Vold tlf. 918 81 818  
 Dagleg leiar:  
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080  
 Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850  
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504  
 Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522  
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825  
 Kyrkjelydsutviklar:  
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

## Undheim

Heimeside: [www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)  
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20  
 Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518  
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346  
 Vikarprest:  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157  
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd [time.soknerad@timekyrkja.no](mailto:time.soknerad@timekyrkja.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@timekyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@timekyrkja.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@timekyrkja.no](mailto:undheim.soknerad@timekyrkja.no)

## Automatisk!

ROALD BYBERG

Automatisk kjem frå gresk og vert omsett slik i Markus 4.28

«Av seg sjølv ber jorda grøde, først strå, så aks, så fulle korn i akset».

Bjørn Bue skriv boka Såkornet og spirekrafta, som kom ut til NMS sitt 150 års jubileum.

«Johannes Thrana, ein av pionermisjonærane for NMS i Kamerun, talar ved avskjedsgudstenesta i Ngaoundere i 1957. Den siste av pioner misjonærane har fullført tenesta si etter 32 års arbeid. Ein stor del av dei kristne har samla seg, men kyrkja er ikkje fullsett. Den aldrande misjonæren takkar for Guds gjerningar. Han grunnar over den forunderlege veksten. Såkornet vart lagt i jorda. Utan at han kan forklare det, har såkornet spirt og bore aks med fulle korn. Slik er det med Guds rike. I eit 32 års perspektiv ser han korleis sennepsfrøet er i ferd med å veksa seg stort. Han minnest vigslingsdagen for kyrkja 23 år tidlegare, i 1934. Då var det berre 7 døypte i Ngaoundere. Folk lo av han som bygde så stort hus. Men misjonæren bygde i tru, ikkje i overmot.»

I ettertid har me funne rapportar franske koloniherrar sende til sine overordna. Dei undra seg over kva baktankar desse nordmennene hadde med arbeidet. Dei var vel ikkje her berre for å forkynna evangeliet? Så Guds ord? Men det eigentlege ærendet og den inste drivkrafta var: Så evangeliet om Jesus Kristus, Guds Son.

35 ÅR SEINARE, frå 1957, fekk eg vera med på gudstenester i den same kyrkja. Den var heilt fullsett. Ikkje berre ein gong, men to, og på ulike språk.

Berre noen kilometer unna var det bygd ei ny kyrkje med plass til 700, og fleire om dei sat tett. Der feira



dei tre gudstenester kvar søndag, og fire den søndagen det var nattverd. Då kom dei frå første gudsteneste tilbake for å motta nattverd.

Franskmennene tvila på misjonærane sin hensikt. Var det mulig at dei kom hit berre for å forkynna evangeliet? Adamaoua sletta er karrig, og misjonsekspedisjonar i 1914 hadde reist forbi. Her var det umuleg med misjon. Ngaoundere var eit steinland og ei muslimsk høgborg. Her nytta det ikkje.

## SÅKORNET OG SPIREKRAFTA.

“Automatisk - av seg sjølv ber jorda grøde, først strå, så aks, så fulle korn i akset” las me. Alle som hørte på Jesus visste kva som låg i dette: av seg sjølv. Det betydde: Ikkje ved noe menneske sitt strev, men eine og åleine ved Guds skaparmakt.

Slik, seier Jesus, forhold det seg med veksten i Guds rike. Det er viktig å forstå dette: At all makt og ære er teken frå oss og gitt til Gud i hans rike. Det er lukka med å leva i lyset frå dette riket.

## NMS 100 ÅR I KAMERUN

I desse dagar feirer Den lutherske kyrkja i Kamerun 100 år. No er medlemstalet mellom 6 og 7 hundre tusen og har kyrkjelydar i alle fylke i landet.

Automatisk!

Dette er ein av mine favorittsalmar!  
Hovudtemaet i salmen er Gud som skapar og alt det han har gitt oss.



Skaparverket er fantastisk, og det må opplevast! Eg merker kor godt det gjer når eg får vera ute i naturen og bruka sansane eg har fått. Kjenna på friske lukter, sjå flotte haustfargar, stjernehimlen, veldige skyformasjoner, kjenna sola som varmar, bli fasinert av dyr og plantar, høyra lyden av vatnet som renn og bølger som slår mot fjell. Eg kjenner at det gjer meg heil å få oppleva dette saman med andre menneske.

Det er enorme krefter i naturen. Når eg får kjenna på dei, merker eg at eg er liten, og at det er noko som er mykje større enn meg. Den same tanken får eg når eg tenker på korleis alt er vevd saman og kor godt det fungerer. Eg er heldig som får oppleva dette, og eg sender ein takk til skaparen som har gjort dette mogleg når eg syng: «Han ga deg livet og alt godt i gave, ja han er all din gledes kildevell».

Alt rundt oss viser oss kor stor Gud er. «Han er sterk, hellig, vill og fri». «Visere enn han kan ingen bli». Paulus skriv i brevet til Romarane: «For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram. For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt.» (Rom 1.19-20). For meg er skaparverket noko av det som hjelper meg til å tru at Gud finst.

Eg trur òg på historia om Jesus som kom til oss på jorda og viste oss meir av kven Gud er, og som har gjort at me kan få tilgjeving, og at me kan få tilhøyra Gud. Historia er uforståeleg og liknar ikkje mykje på det eg ser i kvardagen min, men når eg les vitnesbyrda til dei som fekk oppleva Jesus i Bibelen, så klarer eg ikkje anna enn å tru på at dei såg det dei skriv at dei gjorde. Det er overnaturlig, men når eg ser på kor flott verda er laga, så blir eg open for at det overnaturlige kan skje.

Alt dette gjer at eg synest det er godt å slutta meg til bøna i det siste verset i salmen. Les ho gjerne ein gong til og gjer ho til di bøn òg.

Frode Skårland

## Han skapte skogen

Tekst: Hans Olav Mørk

Han skapte skogen og han skapte vannet.  
Han skapte skyers lek og vindens spill.  
Han legger varsomt hånden på din panne  
og sier: Det er godt at du er til.

Det ropes ut i stormer og orkaner  
at han er sterk og hellig, vill og fri,  
og det står skrevet i planeters baner at  
visere enn han kan ingen bli.

Han ga deg livet og alt godt i gave,  
ja, han er all din gledes kildevell.  
Men like fullt gjør livet deg til slave om  
ikke du vil ta imot ham selv.

Å, kom, vår Skaper, vi vil ta imot deg, slik  
du er kommet til oss i din Sønn.

Kom, gjenreis alt som brast da vi forlot  
deg, kom, vær vår frihet, Gud, det er vår  
bønn!



FOTO: FRODE SKÅRLAND

Framsidedfoto: Liv Ragnhild Lassen

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 22. februar

# Nytt år og nye utsikter

Me skriv januar 24. og mange av oss på kyrkjekontoret er opptekne med planar for eit nytt semester.

Det går i skriving av årsrapportar og ikkje minst innrapportering av statistikk til Kyrkjerådet og Statistisk sentralbyrå (SSB).

Dette er eit ganske omfattande arbeid, med det gir oss og ein del innsikt i form av samanlikningsgrunnlag for korleis arbeidet dette året har vore samanlikna med dei førre.

Det blir og arbeidd med svar på høyringsnotat som skal danna grunnlag for arbeidet med endring av barnehagelova. Det er spennande å sjå korleis dette vil slå ut for private og ideelle barnehagar som me i Time kyrkjelege fellelsråd har i Brynekyrkja og på Undheim.

Mot slutten av fjoråret vart det i heile kyrkjenoreg gjennomført ei stor medarbeidarundersøking. Me er i ferd med å gå gjennom rapportane frå denne undersøkinga, som seier noko om korleis medarbeidarane opplever arbeidsbelastning, trivsel og at me opplever å ha eit meningsfylt arbeid -langt over gjennomsnittet til dei fleste andre. Desse resultat vil me gå inn i for å sjå kva områder me er gode på, kva område me skal arbeida vidare med for å behalde, og kva område me skal arbeide for å betre. Dette vert eit

viktig arbeid for stabene framover.

Anna Bergitte Skårland har sagt opp stillinga si som dagleg leiar i Time sokn. Ho startar i nytt arbeid i NAV 1. april.

Byggjeplanane for nybygg ved Brynekyrkja går stadig framover og arkitekt og prosjektstyringsfirma skal klarere ut mest mogleg i forhold til bygg og uteområde før vidare innsending og behandling i kommunen seinare i vår.

Me går ein spennande vår og eit spennande år i møte på mange område.

Jostein Aarbakke Tollaksen  
Kyrkjeverje



## Gi til NMS – få skattefradrag!



### Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • [www.nms.no](http://www.nms.no)

# Tankar om det nye året

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Ved inngangen til 2024 kan me ha mange forhåpningar, ønskje og draumar om korleis året skal bli. Året som gjekk gir eit bakteppe som er mørkt og trugande på mange vis, med krig og uro, klimakrise og energikrise. Då er det viktig å ha noko me kan gle oss til, og håpa på, i det store perspektivet og på det personlege planet. Fire gode damer på NMS Gjenbruk delte nokre av sine tankar med oss ved starten av det nye året. **Gunhild E. Lande** fyller 70 år i 2024. Ho gler seg til feiring med slekt og vener. Det er samtidig ein milepæl, der ein kan stoppa opp og tenkja over både gleder og sorger ein har møtt i livet. 2024 er også 25 års- jubileum for koret Jærklang, der ho har vore med frå starten. Ho ser fram til mykje spennande som koret skal vera med på i jubileumsåret. Tre- og metallklubben ho er med i er på flyttefot for tida, så ho håpar det ordnar seg med nye lokale. **Margrete Tengsareid** fortel at ho ser fram til Gann-tur til Nordkapp i

sommar, med vakre naturopplevingar, gode talarkrefter og flinke reiseleiarar. Ho gler seg også til sommaren i hytta på Svanes. Då får ho møta heile slekta. Elles er det godt med gode kvardagar, med innhald og meining, slik som jobben i Gjenbruksbutikken.

**Oksana Pozniak** frå Ukraina ønskjer å bli flinkare i norsk i 2024, og håpar kundane vil snakka norsk med henne. Ho forstår mykje, og gler seg til å få snakka meir norsk sjølv. Ho vil gjerne få ein fast, god jobb å gå til. Ho ønskjer å kunna skapa eit trygt og godt liv for seg og familien i Norge. Det største håpet er likevel om fred i Ukraina.

**Anne Turid Ree** gler seg til ei veke i Puerto Rico no i vinter. Det blir godt med sol og varme, og fine opplevingar saman med gode vener. I sommar blir det byferie i Oslo, det blir også kjekt. Elles trivs ho godt i kjøkkengjengen på Gjenbruken, det er ei glede i kvardagen. Ho har også forventningar til det som Jærklang skal vera med på i 2024.



Gunhild E. Lande



Margrete Tengsareid



Anne Turid Ree

## Tore Norheim

Ønskje om fred på jorda. Me i Noreg treng ikkje høgare levestandard og meir forbruk, heller betre fordeling og mindre sløseri.



## Charlotte Tjemsland

Det er kanskje litt ambisiøst å ønske seg fred på jorden i løpet av det neste året. Men altfor mange dør og pines i menneskeskapte konflikter og katastrofer! I tillegg ønsker jeg meg fortsatt god dugnadsånd i nærmiljøet, et trygt og godt oppvekstmiljø for barn og unge, både i og utenfor kirka, og god helse til dem rundt meg.



## Åmund Eikeland

«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og von».

Desse orda frå Jeremia 29 hjelper meg å gå inn i eit nytt år med håp og tru.

Gud er større enn alle vonde makter!





TEKST: ELSE-MARIE BUE

## BØNEBOKA nr. 324


### DET NYE ÅRET

#### *Himmelske Far!*

*Alle tider er i din hånd,  
og din velsignelse strømmer oss i møte hver eneste dag.  
Du har fulgt oss gjennom sorger og gleder  
og vist din kjærlige omsorg for oss.  
Det takker vi deg for.  
Likevel er vi bekymret for dagen i morgen  
som vi ikke kjenner.  
Derfor ber vi deg i Jesu navn:  
Gå med oss inn i de nye dagene,  
så vi får overskudd til å gi  
og glede ved å ta imot.  
La det kjennes på oss  
at riket er ditt og makten og æren  
fra evighet til evighet.*



Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.



### NoS nr. 772

*Nå lukker solen sitt øye,  
snart lukker jeg også mitt;  
Gud Fader I det høye,  
du lukker aldri ditt.  
Du ser hver stjerne i vrimlen  
og hvert et barn på jord,  
du hører høyt I himlen  
det sakteste bønnens ord.*

Dette er eit vers som for år tilbake var fast

kveldsong i heimen. Det er ein enkel tekst som også dei minste forstår og lærer. Nå er songen å finna i salmeboka med eitt vers. I diverse sangbøker finn me to. "Nå ber jeg deg å sende din englehær på vakt" osv.

Alt i 1891 skreiv den danske presten, Ernst Christian Richard, denne songen. I Stevnemøte med Salmeboka får me vita at han var veldig musikalsk. Hans presteliv vart ofte avbrote av veik helse. Derfor var han også ein ivrig skribent. "Han var en betydelig dikter for sin samtid".

# Kvardagsmøte med Jon Torger Hetland Salte

TEKST: LIV HELENE HÅLAND FOTO: PRIVAT

- 32 år
- oppvaksen på Hommersåk
- bur på Bryne
- kone og hund
- arbeider på Kongstun Kristne Friskole på Ålgård
- vikarierer som organist
- held på med master i nordisk/lesevitenskap

Lista over viser at dette er ein ung mann med mange jarn i elden!

Jon Torger vaks opp i pinsemenigheten Betel på Hommersåk, gjekk musikklinja på Lundehaugen vidaregåande med piano og cello som hovudinstrument og har bachelor frå HLT, Høyskole for ledelse og teologi i Oslo. Han er kormann, syng i Stavanger Symfonikor - og du har gjerne sett han på piano-/orgelkrakken - som eit fyrverkeri når han får utfalda seg, gjerne i samspel med t.d. Green Sax Group frå Undheim.

Arbeidsdagen på Ålgård gjev utfordringar. Det er viktig å bli kjend med ungdommane, sjå kva dei er opptekne av og tenkjer på. Han meiner det òg er viktig å gjera nok for at lærarar vil bli verande i jobben. Det er ofte kamp om ressursar - og der er mykje gratisarbeid i skulen, meiner han.

På spørsmål om kva som gjev ekstra glede i kvardagen, kjem det fram at Jon Torger likar å gå på ski, langrenn, på vindstille dagar i fin tursnø. Han finn òg glede i, saman med kona, å ha fyr i peisen etter ein lang dag, eit godt måltid - og gjerne ein god film attåt. Og ingen ting som må gjerast dagen etter!

- Eg har alltid vore "i folden", fortel han. Men han har vore innoom fleire trussamfunn, ei litt økumenisk tilnærming til truslivet. Nå kjenner han seg heime i Brynekyrkja, og frå mars dette året begynnar han som kyrkjelydsutviklar her. Då vil han få bruk for pastorutdanninga si, og han gleder seg til å bli ein av staben i Brynekyrkja.



# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

## Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbud om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper i januar.

## Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00. Oppstart onsdag 24. januar

## Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 annankvar onsdag. Oppstart onsdag 31. januar.

## Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen. Oppstart onsdag 24. januar.

Påmelding på kyrkjias heimeside eller via QR-kode:

## Småbarnstrall 1-3 år

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time- kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Kl. 16.30-17.00. Oppstart torsdag 1. februar.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR\_kode:



## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



### Dåpsskule 1. klasse

I mars vert førsteklasingane inviterte til «Dåpsskule». Me skal læra om Jesus, om venskap og tilgjeving, og om påsken. På laurdagen får alle kvar si bok «Tre i eit tre», om tre vener som har ein hemmeleg klubb i eit tre.

Datoar for dåpsskule: (Meld dykk på der det passar best for dykk)

Bryne og Undheim kyrkje: 16. mars og gudsteneste 17. mars.

Lye forsamlingshus/Time kyrkje: 9. mars og gudsteneste 10. mars.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



*Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold*

### Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnet

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på [www.kirken.no/minside](http://www.kirken.no/minside) og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
1 år	Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
2 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
3 år	Krøllekveld
4 år	4 års klubb og utdeling av Barnebibel
5 år	Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
5 år	Adventsklubb
6 år	Barnas påske og Orgelknappen

Barnefamiliar

Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

- 1. klasse Dåpsskule og Barnas påske
- 2. klasse Pinsefart
- 2. klasse Plan B - aktivitetsdag
- 3. klasse Tårnagenthelg
- 4. klasse På sporet av Jesus
- 5. klasse Tweens-Kick-off
- 6. klasse Lys vaken
- 9-13 år 9:13 i Bryne kyrkje
- 9. klasse Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



<https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetilundheim>

# Velkommen til drop-in-dåp i Livsgledehelga

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Laurdag 9.mars er det Livsgledelaurdag i Bryne. Då inviterer Bryne kyrkje til drop-in-dåp i tidsrommet mellom kl. 11.00 og 14.00.

Det betyr at kyrkja legg ekstra til rette for dei som ønskjer dåp, men av ulike grunnar ikkje har funne vegen til døypefonten før. Det kan vera praktiske grunnar som kom i vegen, eller uavklart ei tid om ein ønska dåp, at ein ikkje vart døypt som barn, eller vanskelege forventningar om stort selskap, lite trivsel i store forsamlingar eller andre grunnar.

Skulle nokon ønskja litt fest og selskap rundt dåpen, har kyrkja denne laurdagen open Livsglede- og dåpskafé i kyrkjestova i kjellaren.

Alle kan verta døypte på drop-in-dåp, så lenge du ikkje er døypt frå før.

Alt du treng å ha med til kyrkja, er gyldig legitimasjon. Det er muleg å forhåndsmelda dåp denne dagen og

leggja inn praktiske opplysningar på kyrkja si nettside. Eller du kan møte opp utan avtale. Etter registrering vert det ein kort samtale med presten om kyrkja, dåpen og den som skal verta døypt.

Til drop-in-dåp kan du koma åleine, eller ha med venner og familie. Du kan gjerne ha med eigne fadrar, eller kyrkja kan stilla med fadrar for deg.

Å verta døypt i en drop-in-dåp er heilt enkelt og like stort som å verta døypt i ei vanleg gudsteneste, men i ein enkel ramme og seremoni. I drop-in-dåpen får du løftet om at Jesus er med alle dagar, og som døypt vert du ein del av kyrkja sitt store fellesskap.



# Korfor Grøn kyrkjelyd?

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

## Fire kjappe spørsmål til Hilde Hanevik.

Korfor er det viktig at me i kyrkja på Bryne legg vinn på å vera ein «grøn kyrkjelyd»?

Eg synest det er viktig at kyrkja går føre med eit godt eksempel når det gjeld å ta vare på skaparverket.

Du er med i utvalet som skal jobba spesielt mot dette målet. Korfor har du vald å engasjera deg i dette arbeidet?

Eg er oppteken av dette temaet. Eg ser på det som ei av dei største utfordringane i vår tid å klara å ta vare på jorda. For meg har det vore ein viktig inspirasjon å høyra Magnus Malm sine tankar om temaet på Korsveifestival.

Kva tankar gjer du deg om den situasjonen me er i med ei truande miljøkrise hengande over oss?

Eg tenkjer at me er i ein veldig utfordrande og alvorleg situasjon. Me må handla fort dersom me skal unngå ei veldig alvorleg krise. Eg trur me må vera villige til å sjå på eigen livsstil og vera innstilte på å skru ned forbruket vårt. Eg trur me må innsjå at me ikkje kan

leva med den same forbrukarkulturen som me har gjort til nå.

Har du tankar om kva rolle den verdsvide kyrkja kan ha i kampen for å ta vare på jorda og skaparverket?

Å få til ei miljøsatsing handlar om å forstå at me må tenkja globalt. Det handlar mellom anna om å visa solidaritet med den tredje verda. Det å tenkja likeverd er ein viktig del av det å vera kristne. Me må innsjå at menneske i den tredje verda må betala for vårt overforbruk av ressursar. Øystatar kan bli liggjande under havet, og landområde kan bli umoglege å bu i på grunn av tørke og høge temperaturar. Me må ta konsekvensen av vår tru på nestekjærleiken og at alle har det same menneskeverdet.



## MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet  
og Meierigata

### Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.  
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

### Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00  
telefon 400 37 151



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken  
og Meierigata

### Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".  
Vi har slutta med møblar.  
Telefon 922 09 638

### Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00


# Jæren er natur for viderekomne

Det gamle treet i Risavegen, Time kommune, beviser Aleksander Kiellands utsagn:  
**JÆREN ER NATUR FOR VIDEREKOMNE**

TEKST OG FOTO: LIV RAGNHILD LASSEN

Treet klorer seg fast i skrinne jord via en sprekk i kampesteinen. Det står som et smykke på jordet. Hele vinteren er røttene godt synlige hvilende på steinen. Om våren lyser det opp med lindegrønne skudd. Sommerstid beiter kalver og andre dyr her i Haugtussas rike. Treets krone er grønn og livskraftig. Høsten kommer. Det lyser rødt lang vei, og treet bærer rikt med rognebær.

I mine mange år på Jæren har jeg beundret og gledet meg over dette enslige treet og livskraften. **Så kom stormen jul 2023.**



## TRÆR

Jeg vet at jeg får aldri se  
et dikt så herlig som et tre.

Et tre som presser, tørst og tyst,  
sin munn mot jordens fylte bryst,

og ser mot Gud, - en ask, en lønn,  
med hender hevet som i bønn.

Et tre som bærer, høst og vår,  
en sangfuglrede i sitt hår,

og favnen ømt av sne og regn  
med allnaturens elskovstegn.

Et dikt kan lages av enhver,  
men bare Gud kan dikte trær.

*Joyce Kilmer – (1886 – 1918)*  
*Gjendiktet av André Bjerke*



# Fasteaksjonen 2024, tysdag 19. mars



Over heile Noreg gjer konfirmantar og konfirmantforeldre seg denne dagen klare til å samle inn pengar til tiltak som reddar liv rundt om i verda. Det gjer me her i Bryne, Time og Undheim òg. Fasteaksjonen er innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp, og tema er «Håp i ein dråpe vatn». Dette er heile kyrkjelyden sin aksjon, og du kan bidra med å støtte aksjonen når konfirmantane våre kjem på døra med bøssene.

- Ta vel imot dei, og gi dei gjerne litt i bøssa når dei kjem.



## Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

AV ANETTE TORJUSEN

FOTO: HÅVARD BJELLAND

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachele El Debs. – Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachele El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachele får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda.

### FASTEAKSJONEN 17.-19. MARS 2024

Eit håp kan byrje med ein dråpe vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtta frå deg reddar liv.

**Vipps til 2426**

[www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no)



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet. – Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut. Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag. – Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjelpt meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til

landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar. Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han. Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrør. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet. – Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og / eller rehabilitering av brønner og / eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

# Jæren frå brunt til grønt til svart?

TEKST: TARALD OMA

Dette er tittelen på foredraget som Bothild Åslaugsdotter Nordsletten har på kulturkvelden 5.mars, som Brynekyrkja og Time historielag har saman. Bothild er redaktør av landbruksbladet Bondevennen, og har markert seg sterkt i samfunnsdebatten om å ta vare på naturressursane, ikkje minst matjorda, så ein ikkje øydelegg livsgrunnlaget for komande slekter. Ho er statsvitar av utdanning, tidlegare diplomat og har budd fleire år i Russland, Ukraina, Polen og Kaukasus.

Dei siste to hundre åra har Jæren skifta farge, frå brunt til grønt. Det har sin bakgrunn i at i dette steinete og lyngbrune landskapet, fann folket ut at steinen skulle ryddast bort. Det var god jord mellom steinane. Den store nydyrkinga starta. Først med enkle handreiskapar, men etter kvart vart meir og betre reiskapar tekne i bruk. Framleis er det nydyrking på Jæren.

Denne epoken endra Jæren frå brunt til grønt. Når jorda vart gjødsla og stelt, med naturgjødsl, kalk og kunstgjødsl, vart denne Jærjorda den mest fruktbare i heile verda, så nå vert det tekne avlingar både av korn, gras, poteter og grønsaker som ligg heilt i verdstoppen.

I denne nydyrkingsepoken vart det etter kvart behov for teknisk utstyr. Det vart også bruk for landbruksmaskinar til å arbeida dei større areala av dyrka jord, som auka for kvart år. Bygdasmedane var vakne og utvikla reiskapar etter kvart. Dei var ein naturleg del av jordbruksmiljøet. Mange av desse smedane vaks til store fabrikkar. Det er Kverneland, TKS, Underhaug, Serigstad, Brøyt, Erland, Brødrene Hetland, berre for å nemna dei største. Kverneland gjekk ut frå smia der TKS er i dag. Det var ein som var heime på smia og garden. O.G. kjøpte seg eit stykke



Bothild Åslaugsdotter Nordsletten  
Foto: Privat

utmark på Frøyland og starta for seg sjølv i 1879. Da den fabrikken vart for liten, kjøpte O.G. nr 2, eit utmarksområdet på Øksnevad, der fabrikken ligg i dag. Alle desse som flytte ut, etablerte seg på utmark. Dei med smiene heima på gardane måtte i somme høve bruka noko dyrka jord når dei utvida. I Norge er bare ca 3% av arealet dyrka eller dyrkbar jord, og Norge er difor eit av dei landa i verda med minst dyrka jord pr innbyggjar. Me veit at 10% av verdas 7-8 milliardar innbyggjarar svelt. I Time og på Jæren er det eit sterkt press for å leggja matjorda under asfalt og betong. Er dette ei rett utvikling og bruk av naturressursane?

## TRENG DU NOKON Å SNAPPE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**

# KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Våren 2024

Alle gudstenester startar kl. 19

## Sanning og forsoning

### Sundag 28. januar

Urfolk i Norge

Veronica Halvorsen om samisk identitet  
Korsang ved KorZ

### Sundag 3. mars

Trygge rom for alle i kyrkja?

Biskop Anne Lise Ådnøy  
Gitarmusikk ved Daniel Aasland

### Skjærtorsdag 28. mars

Sann forsoning med Gud

Sokneprest i Time, Yngvar Nilsen  
Fløyte ved Ingrid Helgeland

### Sundag 12. mai

Utfordringar frå Sannings- og  
forsoningskommisjonen

Lars Tore Helgeland  
Musikk: Ingvar og Anna Maria Lygren

### Velkommen til kveldsgudstenester

med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring

# Damer i byen, Jæren (DIB Jæren)



Vi er en nokså nystartet tverrkirkelig organisasjon som startet opp med Storsamlinger på Ognas Scene i mars 2023. DIB er for damer i alle aldre. Visjonen vår er: «Med hjerte for Jesus og gi Ham videre». I podcasten «Søster i Herren» kan dere høre hvordan oppstarten til DIB Jæren ble til.

Vi lengter etter å se damer i alle aldre bli frelst og vi lengter etter å se damer i alle aldre få en fornyet tro på Jesus.

Vi arrangerer Storsamlinger der vi inviterer damer i alle aldre med eller uten kristen tro. Vi samles til tanker om hva det kan bety å ha et trosliv. Storsamlingene blir arrangert på en «nøytral» arena slik at det skal være lettere for kirkefremmede å komme. Vi er opptatt av å dele trosliv, og gjennom sang, tros-historier og appeller ha et språk som ikke er for fremmed (kanaans språk) men likevel har en høy Jesusfaktor. Vi har levende musikk (husband), sofaprat med spennende gjester, lave skuldre og humor er noe av det vi vil tilby på DIB-samlingene.

Dere kan finne mer info om DIB Jæren på SoMe. DIB Kristiansand har holdt på i flere år. Her kan dere finne enda mer info om DIB arbeidet.

I løpet av 2023 arrangerte vi 4 Storsamlinger. Vi inviterer i tillegg inn til bibelgrupper, samtale og forbønn. På Storsamlingene til nå har vi opplevd at det er ca 50-50 kristne/ikke-kristne som kommer. Vi har frelsesinvitasjon på hver samling og har opplevd at damer er kommet til tro og damer er blitt fornyet.

I tillegg til Storsamlinger skal vi også for første gang arrangere temakvelder/work-shop på Ognas Scene innimellom Storsamlingene i løpet av våren 2024. Ognas Scene innbyr til samtaler/refleksjon rundt småbord. Disse kveldene tenker vi skal inneholde tale/appell utfra ett gitt tema, sang/musikk, personlige vitnesbyrd og frelsesinvitasjon. Den første samlingen har vi 20.03.24 med tilgivelse som tema.


I 2024 flyttes Storsamlingene til Storstova på Bryne for å kunne ta imot flere damer. Vår første Storsamling i Storstova er 21.02.24. DIB Jæren ønsker å være en «portal» og brobygger inn til menigheter på Jæren.

Vi har forventninger om vekkelse og fornyelse blant damer på Jæren. Nyfrelste og damer som har fått en fornyet tro trenger et fellesskap for videre trosvekst og utrustning til tjeneste. I denne sammenheng er det viktig for DIB Jæren at menighetene på Jæren har kjennskap til arbeidet vårt og kan være med sammen med oss og gi nyfrelste damer og damer som har fått en fornyet tro, en menighetstilknytning.

Med hilsen styret i DIB Jæren:

*Elisabeth Kindervåg Husveg (leder mob. 90663152),  
Monika Grødem Mageland og Marit Sandsmark  
Stabel.*

## NYSGJERRIG PÅ TRO?



21. februar | 19:30 | STORSAMLING | STORSTOVA

20. mars | 19:30 | WORKSHOP | OGNAS SCENE

24. april | 19:30 | STORSAMLING | STORSTOVA

Book gratisbillett på [Storstova.com](https://www.storstova.com)

STEFANUSALLIANSEN  
PRESENTERER PÅSKEKONSERTEN

# GÅTEN OM KORSET

**GARNESS MED BAND**

TEKST: JOSTEIN ØRUM  
MUSIKK: GARNESS

**FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJE**  
**Ons. 13. mars kl. 19:30**  
**ticketco.no**

# Kvinnenes internasjonale bønnedag

Første fredag i mars samlast kristne kvinner frå alle land og rike seg til bøn. Det startar ved datolinja i Stillehavet og fortset vidare ettersom dagen gryr over land og folkeslag.

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Første fredag i mars samlast kristne kvinner frå alle land og rike seg til bøn. Det startar ved datolinja i Stillehavet og fortset vidare ettersom dagen gryr over land og folkeslag.

Offisielt er i dag over 170 land registrerte som aktive. Starten var i Amerika I 1887. Den store nauda blant immigrantar og etterkomarar av slavane er årsaka til KIB, som kortversjonen for markeringa. Med vår globale innsikt i 2024 er ikkje dagen mindre viktig nå. Bøneden samlar kristne kvinner på tvers av landegrensar, språk, kultur og alt anna som set skilje mellom oss.

Programmet i år er laga av palestinske kristne kvinner. Mottoet er henta frå Ef. 4.1-3


BER OVER MED KVARANDRE ... I KJÆRLEIK



**DEN NORSKE KYRKJA**



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance



Pakistanske kvinner i bøn, av Halima Aziz

## Kvinnenes internasjonale bønnedag

**Fredag 1.mars kl. 19  
i Frelsesarméen.**

**Andakt:**

Tove Ellingsen

**Sang og musikk:**

Anne Lise Brådland  
og Ragnhild Aarbakke



# Gudrun Lalands veg

Gudrun Laland (1900-2002) er ein av dei største kulturpersonlegdommane Time har fostra. Ho vaks opp på Bryne som dotter av kjøpmann Johan Garman Laland og Kirsten f. Hognestad. Unge Gudrun merkte seg tidleg ut som både evnerik og sjølvstendig. Mellom anna skal ho ha vore den første jenta på Bryne som fekk sykkel.

Etter artium i Kristiania i 1924 (dette var før landsgymnaset kom) reiste ho til Frankrike som au pair. I 1927 tok ho lærarskulen på Stord, og arbeidde deretter som lærar på Nærbø, Hognestad og Bryne. Som Arne Garborg var Gudrun Laland «jærbu og europear». I tillegg til flytande fransk snakka ho engelsk og tysk, og på sine eldre dagar lærte ho seg italiensk. Ho likte å reisa, og pater Kjell

Arild Pollestad har fortalt om då «faster Gudrun» tok tenåringsguten med til Paris. Danningsreisa inkluderte også ein tur til varieté-teatret Moulin Rouge. Elles var ho glad i friluftsliv, og botanikk var ei av dei store interessene hennar.

Samstundes stod Gudrun Laland fast forankra i den heimlege kulturen. Ho vart etter kvart mest kjend som kåsør og opplesar, ikkje minst av Garborg-dikt. Ho var også ei ihuga nynorsk Kvinne. Gudrun Laland har fått Time kommunes kulturpris og fylkeskulturprisen for Rogaland.

*Litteratur: Kjell Arild Pollestad: «Faster Gudrun – eit familieportrett av Gudrun Laland» i Årbok for Time historielag, 2017*



Gudrun Laland med ein skuleklasse på trappa til Serigstad Maskinfabrikk under krigen. Dei fekk undervisning der fordi tyskarane hadde teke skulen (Foto henta frå Årbok frå Time historielag 2020)



Gudrun Laland som student. (Foto: Håkon Johannesen, henta frå Årbok for Time historielag 2017)



Portrett av Gudrun Laland, henta frå boka «Studentene frå 1924».



## Gjevar- teneste

### Takk for alle gåver til arbeidet!

Kyrkjelydane våre er heilt avhengige av faste givarar for at arbeidet skal gå rundt, då mange av våre tilsette er lønna av faste gåver. Du kan få skattefrådrag på gåver du gir til kyrkja di på opp til kr. 25.000,- pr kalenderår (utgjør kr. 2.083,-/mnd). Sjå meir info om givartenesta og Avtalegiro på nettsidene våre.

### Bryne sokn

Barne- og ungdomsarbeid  
3325.25.07057

### Time sokn og Undheim sokn

Trusopplæring  
3325.39.13407

### Time sokn

Barne- og ungdomsarbeid  
3290.58.78041

### Time sokn

Arbeid generelt  
3325.20.04462

### Undheim sokn

3325.21.55657



## Velkomen til Kyrkjemiddag i Brynekyrkja



**Fredag 15. mars kl 17.00 - kl 19.00**

- Tacomiddag for heile familien
- Samling og aktivitetar for barna
- Kaffi og drøs for dei vaksne

Her får me koma til dekkja bord, middagen slepp me å laga sjølve. Aktivitetane er spesielt tilrettelagde for barnefamiljar, alle er velkomne, veldig kjekt om akkurat DU kjem !!!

Det er påmelding til arrangementet. For påmelding kan denne QR-koden brukast, eller du kan gå inn på [www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no) og melde deg på der. Velkommen!



## Jæren frå brunt til grønt til svart?

**Kulturkveld i Bryne kyrkje  
tysdag 5.mars kl.19**

Føredrag ved Bothild Åslaugsdotter Nordsletten

Allsong, korsong og musikk  
v/ Blandakoret Jærklang og kulturskuleelevar

Matsservering

Ettertanke ved sokneprest Stein Ødegård:  
«Ditt avtrykk på jord»

Inngangspengar: Kr.150,-  
Arrangør: Time historielag og Bryne sokneråd



Me ønskjer å invitere deg til:

## Torsdagstreff i Bryne kyrkje



Bryne

### Program våren 2024

#### 15. Februar

Kåseri v/Paul Odland

#### 21. mars

Kåseri om Lina Sandell v/Oddny Underhaug  
Jærklang blir med. Utlodning

#### 18. april

Kåseri v/Marit Høie Hetland  
Tema: Arbeidet som diakon

#### 23. mai

Organist Per Olav Egeland kjem.  
Det blir mykje song og musikk

Det blir matserving, songstund  
og andakt kvar gong.

### Alle velkomne!

Helsing fra "Torsdagstreff-komiteen"  
Brit og Jonas Frøyland, Jan Helge Stensland,  
Gro Tengesdal, Elisabeth Vold,  
Rebekka og Arnfinn Vigrestad

Lurer de på noko er de velkomne  
til å ta kontakt

Samlinga er frå kl 14.30 - kl 16.30

## Velkomen til ein kveld med «grøn matlaging»



Eit av råda når det gjeld ein meir berekraftig  
livsstil er å kutta ned på kjøtet og gå over til  
meir vegetarisk matlaging.

#### Måndag 18. mars klokka 17.00

inviterer me til ein matlagingskveld på  
kjøkkenet i Brynekyrkja saman med Hilde  
Hanevik og Heidi Strand Harboe.

Me vil laga eit vegetarisk måltid saman, og  
kosa oss med maten etterpå. Heidi og Hilde  
kjøper inn og planlegg menyen. Me spleisar  
på utgiftene, men sjølve «kurset» er gratis.

Av omsyn til plassen kan me ikkje vera alt for  
mange, så me bruker prinsippet «førstemann  
til mølla».

### Velkomen!

Påmelding til:

Heidi 47895960 eller til Hilde 92617790

Arrangør: Utval for grøn kyrkjelyd



## Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i  
Partalsveker  
Kl. 17.30

Etter øvinga er det  
kveldsmat til alle i  
kjellaren



## T-koret

- Koret for tweens og teens  
5. klasse og oppover

Torsdagar i  
partalsveker  
Kl. 19-20  
i Bryne kyrkje



## Småbarnstrall

1 time kyrkje – for barn 1- 4 år  
1. februar kl. 17.00  
14. mars kl. 17.00  
11. april kl. 17.00

Påmelding via  
QR-kode





## Velkommen til sundagstreff

### i Bryne kyrkje våren 2024

#### Program:

Kl. 18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs  
i kyrkjestova

Kl. 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

#### Datoar for våren, merk dei av på kalenderen:

Sundag	14. januar	kl.18.00
Sundag	18. februar	kl.18.00
Fredag	7. mars	kl.17.00
Gudstenesteverkstad		
Sundag	10. mars	kl.11.00
Gudsteneste med Bankers		
Sundag	14. april	kl.18.00

Tysdag 14. mai blir det grillfest!  
Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid  
og stad.

#### Ser deg i kyrkja!

Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes

## Språkkafé på Lye!

Ønsker du å møte andre for å øve på å  
snakke norsk?

Velkommen på språkkafé på Lye  
forsamlingshus, Kwartsvegen 3 (mellom  
barneskolen og ungdomsskolen),  
hver mandag kl. 18.30-20.00.

Det blir kaffe/te og litt å spise.  
Barn er også velkomne. For dem blir  
det lek og spill.

Har du spørsmål? Kontakt Øystein  
Dahlstrøm på tlf. 47500902.

[www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)



## GRØN DAG

Kyrkjeparken ved  
Undheim kyrkje

Laurdag 27.april  
kl.11.00-13.00

Plantesal og kafé.  
NMS i Time

TEKST: ROLF HESKESTAD

FOTO: HARALD LYGREN

## TYRKARDUA

Tyrkardua er ei av dei nyare fugleartene i Norge. Ho kom hit tidleg i 1950-åra og har etterkvart spreidd seg slik at ein no kan sjå henne heilt nord til Tromsø. Fugleekspertar hevdar at det er inga fugleart i heile verda som har ekspandert slik som tyrkardua har gjort. Dua kjem frå India og har nå spreidd seg over det meste av kloden. Det er nesten utruleg at denne i utgangspunktet varmekjære fuglen har etablert seg som standfugl i store delar av Norge. Tyrkardua er nært knytt til byar og tettstader. Fuglen er lett å kjenna på den gråbrune fjørdrakta si og det svarte bandet i nakken. Om våren kan ein høyra den karakteristiske "songen" ko-koo ko med trykk på andre staving. Tyrkardua lever i tette livslange "parforhold". Ser du ei tyrkardue, så er maken oftast ikkje langt unna. Reiret er eit enkelt byggverk av tynne kvister. Jobben er gjort på ein dag eller to! Hofuglen ruger på dei 2



egga om natta, medan gemalen tar jobben på dagtid. Hekkesesongen er lang - tyrkardua har normalt 2-3 kull!

## Hjernetrim

### HelgeKryssord 1/24


LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

#### Vassrett


- 1 Afrikansk ordtak
- 14 Paulus medarbeidar
- 16 Duskregn
- 17 Røys
- 18 Flyselskap
- 19 Interjeksjon
- 20 Magesekk
- 21 Glatte
- 23 Fartøy
- 24 Over
- 25 Stamfar i GT
- 26 Kryr
- 28 Dei første
- 29 Kyrkjebøn
- 30 Eska
- 32 Uro
- 33 Invitere
- 34 Pronomen
- 35 Grei
- 45 Skip
- 46 Tidsrom
- 47 Nesa
- 48 Farge

#### Loddrett

- 1 Konge i Israel
- 2 Diktverk
- 3 Apostel
- 4 Thallium
- 5 Neper
- 6 Dronning i GT
- 7 Ferske
- 8 Uhyggje
- 9 Slepar i golvet
- 10 Fangstreskap
- 11 Fuglen
- 12 Son til Abraham
- 13 Nemningane
- 15 Elsker
- 18 Tråkket
- 22 Samkome
- 24 Norsk elv
- 27 Fugl
- 31 Like vokalar
- 32 Preposisjon
- 34 Dags dato
- 36 Skinnreim
- 37 Preposisjon
- 38 Platina
- 39 Flatemål
- 40 Gripa
- 41 Oppmode
- 42 Kjerneved
- 43 Tone
44. Bibeldel



#### Løysing til kryssord 5/23





# Barnas



## Vitsar

– Kva heiter den nye hunden din?  
– Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvifor kan ikkje eg ringe når smultringar?

## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



Teikning: Trevor Keen

## Kryssord

- |                            |                                |                           |
|----------------------------|--------------------------------|---------------------------|
| 1.                         | ○ ○ ○ ○ ○                      | Disippel i Johannes 20,26 |
| 2.                         | ○ ○ ○ ○ ○                      | Engel i Lukas 1,26        |
| Hyllingsrop i Markus 11, 9 | 3. ○ ○ ○ ○ ○                   |                           |
| Dyr i Markus 10,25         | 4. ○ ○ ○ ○ ○                   |                           |
| 5. ○ ○ ○ ○ ○               | Tal i Apostelgjerningane 27,28 |                           |
| 6. ○ ○ ○ ○ ○               | Namn på Jesus i Matteus 1,23   |                           |
| 7. ○ ○ ○ ○ ○               | Frø i 2. Korintarbrev 9,10     |                           |

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

## Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger.

Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i føret til dyra og føra til store lidingar og i verste fall avliving/ død.

Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

Gravplassforvaltinga i Time



## Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbud til etterlatne

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: [marit.hetland@timekyrkja.no](mailto:marit.hetland@timekyrkja.no)

Diakon i Time og Undheim: [praxedes.slettebo@timekyrkja.no](mailto:praxedes.slettebo@timekyrkja.no)

eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77



**Vil du ha Misjonstidende (MT)  
gratis i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.




# BLIFADDER!

[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)

☎ 22 94 26 00

misjonsalliansen





## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

- 12.11.23 Eva Bjørnevik Sivertsen  
Elias Bryne Aasen  
Julie Solberg Høidahl  
19.11.23 Iva Vigre-Ueland  
10.12.23 Linne Egeland Søyland  
07.01.24 Elsa Tjessem Andreassen

### TIME KYRKJE

- 05.11.23 Luca Aarsland  
Brage Liland Straumstein  
18.11.23 Dagny Gausland Kverneland  
Andrea Osland Egeland  
Julie Kalberg  
Josefine Rose Rowand Haaland  
Jesper Braut Andersen  
Mats Abel Bergort  
Eiler Kverneland  
Oda Fotland Løyte  
03.12.23 Eik Undheim Skåland  
14.01.24 Ebba Egeland Galaasen  
Carla Carlsen Grødem  
Mons Haarr Tunheim


### UNDHEIM KYRKJE

- 12.11.23 Even Undheim Hellstrøm  
26.11.23 William Sunde Undheim  
07.01.24 Kaia Steinsæter Madsen

### LYE FORSAMLINGSHUS

#### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER


- 12.11.23 Dennis Reke Askø  
- Ræge kirke  
07.01.24 Hans Reilstad  
- Varhaug kyrkje



## VIGDE

### TIME KYRKJE

#### VIGSEL ANDRE STADER



## GRAVLAGDE

### Oktober

Tore Allan Simonsen  
Karen Johanne Sikveland

### November

Arvid Øglænd  
Renate Joerdens Serigstad  
Rolf Trulsen  
Jonas Lende  
Einar Sæland  
Borgny Rusdal  
Rudin Ree  
Olav Inge Dregelid

### Desember

Odd Henrik Haugland  
Else Marie Time  
Hjørdis Kalberg  
John Grødeland  
Ingmar Hognestad  
Per Ole Håland  
Gerd Marie Bergene  
Johannes Aasheim  
Jannik Marie Slettebø  
Alf Johan Fuglestad  
Ellen Horpestad  
Margret Luise Eleonore Kverneland


### Januar

Åshild Marie Serigstad  
Stanley Melkevik  
Olav Vinsevik  
Lisa Mossige  
Arnfinn Bilstad  
Alise Borghild Tegle

3. GENERASJON BEDEMANN  
Arild Aase  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA  
BEGRAVELSESBYRÅ  
51 61 04 00 - døgnvakt  
www.novabegravelse.no  
Møyfrid  
Hersdal og  
Hanne Brit  
Sandsmark

<p><b>EiendomsMegler 1</b> JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	 <p><b>Jæren Gulv AS</b> Maler- og gulvarbeid <small>www.jaerengulv.com</small></p>	<p><b>REMA 1000</b></p> <p><b>Håland</b></p>
<p><b>EL-TEAM</b> Elektroentreprenør</p>  <p>Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:firmapost@el-team.net">firmapost@el-team.net</a> <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>ek</b> Glassmesterforretning Einar Knutsen as <small>Postboks 149, 4349 Bryne</small></p> <p>TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>Bøgh Lafoø</b> BILSALEG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig</p>	 <p><b>Bryne Rør</b></p>	 <p><b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA <small>www.reimeos.no - Tlf. 51 73 14 22</small></p>
 <p><b>Rogalandshus</b></p>	 <p><b>Renovasjons- service as</b> Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	<p><b>haver</b>_____</p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> JÆREN</p> <p>Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • <a href="mailto:jaeren@privatmegleren.no">jaeren@privatmegleren.no</a></p>	<p><b>Sjekk Punkt</b> SILVERKSTED</p> <p><a href="http://www.sjekkpunkt.no">www.sjekkpunkt.no</a> 4000 6447 <b>LYE BIL AS</b> Prestegardmarka 1 4340 Bryne</p>	<p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p><b>Alt innen datahjelp - hjem på døren Verksted PC og MAC</b></p>		
 <p><b>Datahjelpen.IT as</b> Vesthagen 2, Håland Industriområde 4344 Bryne E-post: <a href="mailto:post@datahjelpen.it">post@datahjelpen.it</a> <b>TLF: 51 48 50 00</b></p> <p>Besøk oss på nett: <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a></p>		 <p><b>e i k h i</b></p>



# Velkommen til kyrkje

Følg med på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no) eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



## Velkommen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

### Sundag 18. februar

Undheim kyrkje	10.30
Lye forsamlingshus	10.30
Bryne kyrkje	11.00
Bryne kyrkje	19.00

### Sundag 25. februar

Bryne kyrkje	11.00
Time kyrkje	11.00

### Sundag 3. mars

Lye forsamlingshus	10.30
Undheim kyrkje	10.30
Bryne kyrkje	19.00

### Laurdag 9. mars

Bryne kyrkje	11.00
--------------	-------

### 10. mars

Bryne kyrkje	11.00
Time kyrkje	11.00

### 17. mars

Lye forsamlingshus	10.30
Undheim kyrkje	10.30
Bryne kyrkje	11.00

### Sundag 24. mars

Time kyrkje	11.00
Bryne kyrkje	11.00

### 1. søndag i fastetida

Gudsteneste
Gudsteneste
Gudsteneste m/familiefokus
Gudsteneste

### 2. søndag i fastetida

Gudsteneste
Gudsteneste

### 3. søndag i fastetida

Gudsteneste
Gudsteneste
Kveldsgudsteneste

### 4. søndag i fastetida

Gudsteneste for store og små
Gudsteneste

### Maria Bodskapsdag

Gudsteneste for store og små
Gudsteneste for store og små
Gudsteneste for store og små

### Palmesøndag

Gudsteneste
Gudsteneste

### Matt 16, 21-23

Nattverd. Sundagsskule
Nattverd
Nattverd
Sundagstreff kl. 18.00

### Luk 7, 36-50

Dåp. Nattverd. Sundagsskule
Nattverd

### Mark 9, 17-29

Dåp. Nattverd
Nattverd. Sundagsskule
Nattverd.

### Joh 3, 11-16

Dåp. Sundagsskule
Dåp. Sundagsskule

### Luk 1, 46-55

Dåp.
Dåp
Nattverd

### Joh. 12, 12-24

Nattverd.
Dåp. Sundagsskule